

- [Bli abonnent](#)
- [Tips oss](#)
- [Kundesenter](#)
- [Les e-avisa](#)



Ungdommane frå Litlabø mottak sørgjar for at det no er liv i cricket-klubben igjen. Fleire av ungdommane har eit forhold til sporten, som er stor på verdsbasis. Alle foto: Eirik Strømme Spjeld

Nytt liv i Stord Cricketklubb

Ungdommane frå Litlabø mottak har gjeve Stord Cricketklubb ein ny vår.

- [Eirik Strømme Spjeld](#)

[Del på Facebook](#)

[Del på Twitter](#)

[Del på e-post](#)

Publisert 20.03.2016 kl. 16.38.

Kvar laurdag samlast det folk i Rackethallen for å spela cricket. Palmelaurdagen var i så måte ikkje noko unntak, og eit tjuetals ungdommar, som er stasjonerte på mottaket på Litlabø, var i aksjon i hallen på Vikahaugane.

Neeta Sankholkar, tidlegare landslagskaptein for India, eit land der cricket er den klart største idretten, leiar øktene.

- Eg las i Sunnhordland då dei opna mottaket på Litlabø at desse gutane berre ville spela cricket, men var lei seg fordi dei trudde det ikkje gjekk an på Stord. Eg tok då kontakt med Håkon Frode Særsten, og gutane vart så glade då dei fekk vita om at det er ein cricketklubb som dei kunne spela i her på Stord, fortel Sankholkar, som var med og skipa Stord Cricketklubb for tre år sidan.



Zarif Khan er i Rackethallen kvar laurdag og synest det er veldig kjekt.

Renessanse

- Då me etablerte klubben var det mykje aktivitet, mellom anna var det mange indiske ingeniørar som spelte. Men etter kvart som ingeniørane mista jobbane og flytta dalte aktiviteten, og det er dermed veldig flott at me no har fått nye spelarar som gjer at me kan halda fram arbeidet som me byrja på for tre år sidan, held ho fram.

LES OGSÅ: [Ho tok med seg cricket frå India til Stord](#)

No håpar ho at klubben snart kan byrja å delta i meir organisert spel.

- Det er mellom anna turneringar i Stavanger i sommarmånadane, men no når me har så mange spelarar som òg er veldig flinke, kan me invitera til kampar også her på Stord, strålar Sankholkar.



Her gjer Ehsanullah Hasin seg klar.

Skryt over innvandrarungdommen

Ho er elles full av skryt over ungdommane frå mottaket på Litlabø.

LES OGSÅ: [Får hjelp til matlaging](#)

- Dei er svært hjelpsame og viser stor respekt. Når me ryddar og ber utstyr tek dei ansvar og eg treng ikkje gjera noko. Mange av gutane kjem frå Afghanistan, men har budd i Pakistan og snakkar dermed urdu, dermed forstår dei Hindi som eg som er indisk snakkar. Om nokon ikkje forstår så hjelper gutane kvarandre, seier Sankholkar, som jobbar som lærar på Stord vidaregåande skule til dagleg.

- Veldig kjekt

Ein av dei som var i aksjon i Rackethallen på laurdag var 16 år gamle Zarif Khan.

- Me er her kvar laurdag og me tykkjer det er veldig kjekt. Neeta er også ein god trenar, seier Zarif Khan.

Neeta Sankholkar opplyser elles at det er plass til fleire i Stord Cricketklubb.

- Det er alltid med nokre som ikkje høyrer til på mottaket, blant anna nokre folk frå India, men det hadde vore kjekt å auka den lokale deltakinga litt, sluttar Neeta Sankholkar.